

Skodjebruene

Dei gamle bruene er flotte byggverk vel verdt å beundre. Ved parkeringa på nordsida er det laga turveg opp til eit utsynspunkt med informasjonstavler, benkar og bord. Er det første gangen du er i området anbefaler vi å starte turen her.

Over den nye brua, som tek att bogen på dei gamle, er det gangfelt og flott oversyn over Skodjebruene. Over dei er vegen stengt for bilar. Nesten heile rundturen går derfor på turveg med fast dekke og utan biltrafikk. Gjennom Kasholmen er det tunnel med lys i taket.

På nordsida av straumen er terrenget ved vegen bratt og krevjande. Men området er rikt på hasseltre om du er stø på foten. Ein liten bratt sti går ned mot brufundamentet. Også frå denne vinkelen ser brua flott ut. Her er også fine svaberg det er populært å fiske frå. Som namnet seier er det sterk straum i området. Bruk gjerne flytevest og ta ekstra omsyn når tidevasstraumen er sterk med kvervlar og stor fart. Barn bør i tillegg sikrast med tau, eller ei lett tilgjengeleg kasteline.

Storholmen

Holmen er småkupert med furskog og lyng. Det er fleire flotte idyllar på øya og ein god fiskeplass på neset på austsida. Somme stader er stien god og tydeleg, andre stader ikkje råd å sjå. Det er likevel greitt å ta seg fram mellom lyngtuene over heile holmen. Under gamlevegen er ein spennande tunnel som knyter austsida saman med resten av øya.

Parkering og buss

Tilrådd parkering er ved krysset på nordsida av straumen. Dei som er avhengige av rullestol kan køyre heilt ned til gamlebrua, merka med rullestol på midtsidebildet. Der er ikkje eigne parkeringsplassar for funksjonshemma, men oftast god plass. Herifrå har rullstolbrukarar enkel tilgang til gamlevegen.

Næraste busshaldeplass heiter Straumen (Skodje) og er merka med symbolet for buss på midtsidebildet. Bussruter: www.frammr.no eller ring 177.

Kulturminne

Området med bruene er freda som kulturminne. Det er og funne spor etter busetnad frå steinalderen på austsida av Kasholmen. For meir informasjon om kulturminne sjekk: www.kulturminnesok.no

Turtips:

www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Christer Lundberb Nes.

Skodjebruene

Heile området med dei flotte gamle bruene er freda som arkitektonisk kulturminne. I dag er dei renoverte, og med gangfeltet på den nye brua er dette ein flott rundtur med fast dekke.



TURKORT! Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



Rullestol



Rundtur



Parkering



Buss



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Tunnel



Fornminne



Sittegruppe/
Rasteplass



Fiske



Utsynspunkt



Informasjon

Kulturminne
Grøn linje viser
freda område.



Skodjebruene

